

Radøy kommune v/ordfører Jon Askeland.

Søknad om kr. 15.000,- til finansiering av Jubileumsboka «Nordhordlandsbrua 25 år»

«Nordhordlandsbrua – Frå kongstanke til røyndom»

Denne boka vart utgjeven i 1994 i samband med opning av Nordhordlandsbrua. I innleiinga skriv Sverre Helland, for boknemda, mellom anna at **«Meininga med denne boka er å fortelja litt om levemåte og reisemåte for folket i Nordhordland i gamal tid og fram til i dag. Men det er først og fremst litt av historia om korleis eit distrikt sundrive av fjordar og øyar – ved eigen innsats og med samarbeid innan distriktet og fylkeskommunale og sentrale styresmakter - no er bunde saman med vegar og bruer».**

Den opprinnelege boka inneheld svært mykje historikk om Nordhordland heilt frå 1870 talet og fram til 1994. Vi kan nemna f.eks. samferdsel, 166 stoppestader for dampbåtane, 49 meieri. Omtale om når bilen kom til Nordhordland, ferjene, bruar og vegar med årstal då dei vart bygde.

Johannes H. Fosse som og var med i den første boknemda har teke initiativet til å få gjeve ut denne boka på nytt med eit tillegg om kva ringverknader Nordhordlandsbrua har fått for regionen i ettertid . frå 1994 til 2018. Det gjeld m.a. utvikling i kommunikasjonar, vekst i folketalet, bustadbygging, næringsutvikling o.s.v.. Boknemda satsar på å gje ut boka som ei 25 års jubileumsbok .

Mange har etterspurt den opprinnelege boka som vart trykt i ca 1000 eksemplar. Men den har ikkje vore tilgjengeleg dei siste 20 åra.

Jubileumsboka vil ha stor kulturhistorisk verdi for Nordhordland
Boka bør vera tilgjengeleg i skuleverket og vera med og styrkja lokalkunskapen til ungdomane våre. Målgrupper – frå 10 til 100 år.

Arbeidet med tekst og biletstoff til boka må vera ferdig i månadskiftet mai/juni.

Bruopninga var i september 1994. Jubileumsboka må difor vera ferdig trykt seinast i august 2019.

Radøy kommune vil få 100 gratis eksemplar av boka ved medverknad til finansiering.

Vonar på snarleg svar på søknaden om kr. 15.000,-, då arbeidet ikkje kan starta opp for fullt før finansiering er i orden.

Dersom søknaden vert innvilga kan beløpet godskrivast konto: 3625.79.35374 Johannes H.Fosse.

Med helsing

Boknemda for jubileumsboka «Nordhordlandsbrua 25 år»

Johannes H. Fosse Einar Vatne Paul Scholz Rune Brundtland